



01.01.2021
Sist oppdatert 31.03.2023

Rutinar i samband med barnehagelova Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø Barnehagar i Høyanger kommune

§ 41 Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

Barnehagen skal ikkje godta krenkelsar som for eksempel utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når eit barn i barnehagen vert utsett for slike krenkelsar.

Innhald

Innleiing	2
Definisjonar	2
Utestenging	2
Mobbing	2
Vald.....	2
Diskriminering	2
Trakassering.....	2
Krenkingar	2
Førebygge krenking	2
Avdekke krenking	3
Tiltak når krenking skjer	3
Prosedyre 1.....	5
Vedlegg nr. 1: Skjema for varsling	6
Prosedyre 2.....	7
Vedlegg nr. 2: Handlingsplan.....	8
Døme på utfylt aktivitetsplan.....	9
Vedlegg nr. 3: Mal aktivitetsplan barnehage	10
Vedlegg nr. 4: Mal Loggføring	11
Vedlegg nr 5 : Opplæring av tilsette i høve til Barnehagelova § 42 og 43, aktivitetsplikta til personalet ved barnehagen.....	12

Innleiing

Barnehagen skal jobbe aktivt for å førebygge krenkingar for å sikre at alle barn har eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel, leiken og læringa til barna. Føresette er ein viktig samarbeidspart i arbeidet.

Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng (Rammeplanen, 2017, s. 7).

Barnehagemiljøet skal granskast, analyserast og drøftast jamleg og vere tema i barnehagen si personalgruppe, foreldresamtalar, foreldremøte og møte i råd og utval. Prosedyreplanen skal vere førebyggjande, avdekkjande og føreslå tiltak dersom krenking vert oppdaga.

Definisjonar

Utestenging

Fysiske og verbale handlingar som gjer til at ein annan ikkje får delta i det sosiale samspelet.

Mobbing

Fysiske eller sosiale negative handlingar som skjer mange gongar over tid av ein person eller fleire saman, og som rettar seg mot ein som ikkje kan forsvare seg i den aktuelle situasjonen. Det er ofte eit skeivt maktforhold mellom dei som mobbar og dei som blir mobba.

Vald

Fysiske og psykiske handlingar som kan resultere i fysiske og psykiske skader for andre.

Diskriminering

Forskjellsbehandling, blant anna på bakgrunn av kjønn, etnisitet, religion, seksuell legning og liknande.

Trakassering

Handlingar, utelatingar eller ytringar som verkar eller har til føremål å verke krenkjande, skremmande, fiendtlege, nedverdiggjande eller audmjukkande.

Krenkingar

Eit samleomgrep for ord eller handlingar der ein person si verdigheit eller integritet vert krenka. Eit samleomgrep for utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Førebygge krenking

§41 - Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

Barnehagen skal ikkje godta krenking som for eksempel utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når eit barn i barnehagen vert utsett for slike krenkingar (Barnehagelova).

Barnehagen skal førebygge tilfelle der barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen, leiken og læringa til barna. Barnehagen skal arbeide for å

skape eit trygt og godt miljø. Barnehagen skal sikre at kvart barn vert sett og møtt av vaksne med tillit og omsorg. Krenking skal vere tema på barnehagen sine avdelingsmøter, pedagogmøter, personalmøter, planleggingsdagar, i samtalar med barna og foreldra, og i foreldremøter. Barnehageleiinga har ansvar for at temaet er på dagsorden for alle tilsette, og i barnehagen sine råd og utval kvart barnehageår. Barnehagen skal gjennom observasjon, refleksjon og tilbakemeldingar frå tilsette, barn og føresette utvikle miljøet og førebygge krenking.

Avdekke krenking

§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt).

Alle som arbeider i barnehagen, skal følgje med på korleis barna i barnehagen har det. Alle som arbeider i barnehagen, skal melde frå til barnehagen sin styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Styraren skal melde frå til barnehageeigaren i alvorlege tilfelle (Barnehagelova).

Dei vaksne skal ha fokus på krenking og avdekke dette gjennom:

- Kartlegge miljøet, snakke med barna
- Reflektere og drøfte
- Vaksne som er til stades
- Openheit om enkelt barn
- Systematisk observasjon av barn/barnegrupper
- Barnesamtalar
- Foreldresamtalar

§43 – Skjerpa aktivitetsplikt

Den som arbeider i barnehagen, skal melde frå til styrar ved ein kvar mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider i barnehagen utset eller har utsett eit eller fleire barn for krenkelsar. Andre ledd pålegg dei som arbeider i barnehagen å melde frå til barnehageeigar dersom die har mistanke om eller kjennskap til at styrar krenka eller har krenka eit eller fleire barn (Barnehagelova).

Tiltak når krenking skjer

Ved mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarast undersøkje saka (Barnehagelova).

Når eit barn eller føresette seier at barnet ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøkje saka og finne tiltak, og sørgje for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø. Det same gjeld når ei undersøking som barnehagen sjølv har satt i gang, viser at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Tiltaka skal veljast på grunnlag av ein konkret og fagleg vurdering. Barnehagen skal sørgje for at involverte barn blir høyrde. Kva som er det beste for barnet, skal vere eit grunnleggjande omsyn i barnehagen sitt arbeid.

Barnehagen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak.

I planen skal det stå:

- kva problem tiltaka skal løyse
- kva tiltak barnehagen har planlagt
- når tiltaka skal gjennomførast
- kven som skal gjennomføre tiltaka
- når tiltaka skal evaluerast

Barnehagen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Det skal reagerast med ein gang krenking vert avdekket og tiltak skal setjast i verk.

Prosedyre 1

Gjeld alle tilsette i barnehagen.

Ved kjennskap til eller mistanke om at eit barn vert utsett for krenkande ord som utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering har alle tilsette handlingsplikt.

Kven:

Alle tilsette

Kva:

Alle tilsette skal reagere på:

- Slåssing
- leikeslåssing
- Mobbing av alle slag
- Utestenging
- Aggressiv/negativ ikkje akseptabel åtferd
- Barn som er mykje åleine/sosialt isolerte både inne og ute
- Tilsette som opptrer krenkande overfor barn

Handling:

Alle tilsette skal:

1. Undersøkje saka og om mogleg gå inn og stoppe pågåande aktivitet
2. Varsle styrar, eller pedagogisk leiar om styrar ikkje er til stades, om hendinga og registrere den på skjema for varsling som skal leverast til styrar

Vedlegg nr. 1: Skjema for varsling

SKJEMA FOR VARSLING AV UØNSKA ÅTFERD

(Barnehagelova § 41 og § 42)

Dersom nokon som er tilsett i barnehagen, får kunnskap om eller mistanke om at barn blir utsett for krenking av noko slag, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle styrar, og dersom det er nødvendig og mogeleg, sjølv gripe inn.

Barnet sitt namn: Avdeling:

Tidspunkt:

Kvar skjedde handlinga?

.....
.....

Kort skildring av kva som hende:

.....
.....
.....
.....
.....
.....
.....
.....
.....
.....

Kva har du gjort? Kven har du informert?

.....
.....
.....
.....
.....
.....
.....

Dato: Underskrift varslar:

Prosedyre 2

Gjeld barnehageleiinga

Barnehageleiinga si handtering av varsling om krenkande ord som utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Kven:

Styrar eller den som har ansvar når styrar er borte

Kva:

Ein tilsett i barnehagen varslar om hending som krev handlingsplikt

Handling:

1. Den tilsette varslar styrar/den som har styraransvar.
2. Styrar registrerar varslinga og drøftar den med varslar.
3. Styrar informerer partane; barnehageeigar, føresette, barn (når alder tilseier det) og pedagogisk leiar om vidare saksgang.
4. Dersom det vert avdekka at barnet sin rett til godt barnehagemiljø (§ 42) ikkje vert oppfylt, skal barnehagen si leiing sørge for at saka vert følgt opp på ein slik måte at barnet sin rett til eit trygt og godt miljø vert tilfredsstilt.
5. Lage aktivitetsplan.
6. Styrar fattar vedtak og følgjer opp.

Vedlegg nr. 2: Handlingsplan

Handlingsplan ved mistanke om/kjennskap til brot på barnehagelova § 41, 42 og 43.

Aktivitetsplikt (gripe inn, varsle, undersøkje, setje i verk tiltak, følgje med vidare og evaluere).

Situasjon/handling	Ansvar	Når	Utført
Mistanke om eller kunnskap om brot på § 41 skal rapporterast til styrar Bruk skjema for varsling NB! Barnet si subjektive oppleving	Den som har mistanke/kunnskap om at eit barn ikkje har det trygt og godt	Same dag	
Barnehagen set i gong undersøking	Styrar	Same dag/snarast råd	
Samtale med barnet dersom alderen tilseier det, pedagogisk leiar må takast ut frå avdeling og vikar setjast inn om det er behov	Pedagogisk leiar og styrar	Same dag	
I alvorlege tilfelle skal Oppvekstsjefen varslast	Styrar	Same dag	
Samtale enkeltvis med den eller dei som er årsak til at barnet ikkje har det trygt og godt dersom alderen tilseier det	Styrar og pedagogisk leiar	Same dag/snarast råd	
Kontakte føresette til barnet som føler seg krenka - Informasjon - Kva skjer vidare? - Kalle inn til samtale	Styrar	Same dag/snarast råd	
Informere resten av avdelinga, vere tettare på, observere, gje tilbakemelding til pedagogisk leiar	Pedagogisk leiar	Snarast råd	
Informere den andre avdelinga, vere tettare på, observere aktuelle involverte barn, gje tilbakemelding til pedagogisk leiar	Styrar og pedagogisk leiar	Snarast råd/ pedagogleiar møte	
Kontakte føresette til den/dei som krenkjer/har krenka - Informasjon om situasjonen - Kva skjer vidare? - Kalle inn til samtale	Styrar	Same dag eller etter vurdering	
Samtale med andre for å få meir informasjon	Styrar	Snarast råd	
- Lage aktivitetsplan som beskriv tiltak - Sjå vedlegg 3: Mal aktivitetsplan - Arkiver i barnemappa	Styrar og pedagogisk leiar	Snarast råd	
Informere oppvekstsjefen om at aktivitetsplan er laga	Styrar		
Dokumentere skriftleg kva som vert gjort for å overhalde aktivitetsplikta – arkiver i barnemapper	Styrar	Snarast og når dei ligg føre	
Eventuelt vidare reaksjonar - Dialog med føresette etter deira initiativ - Eventuelt melde til politi (ved alvorlege hendingar) Styrar melder til oppvekstsjef	Føresette og styrar		
Evaluere tiltak, tiltak skal setjast i verk til eleven opplever miljøet som trygt og godt	Styrar	Tidspunkt vert sett fast i aktivitetsplanen	
Ved gjentakning av krenking, ny evaluering og ny aktivitetsplan	Styrar, pedagogisk leiar, barnet og føresette	Ved mistanke om at krenkinga held fram	

Døme på utfylt aktivitetsplan

Tiltaka vil variere utifrå kvar einiskild sak. Sjå punkta i handlingsplanen.

Olderdalen barnehage set inn desse tiltaka:	Ansvarleg	Tid
Vaksne skal fordele seg i dei ulike romma inne	Alle tilsette i barnehagen	
Det er alltid vaksne ute i barnehagen	Alle tilsette i barnehagen	
Lage relasjonsskapande aktivitetar saman med barna - Plassering i garderobe - Deling i grupper - Under leik	Pedagogisk leiar, resten av dei tilsette	
Samle barna på fritida	Føresette	

Vedlegg nr. 3: Mal aktivitetsplan

Barnehagen set inn disse tiltaka:	Ansvarleg	Tid

Dato:

Stad:

Aktivitetsplikt § 42 og 43

Styrar har ansvar for at det blir ført loggbok med dato:

skriftleg og munnleg informasjon

Namn: _____

Dato	Informasjon, gjennomføring og evaluering	Utført

***Meldingar og beskjedar som blir gjeve, bør i størst mogleg grad nedteiknast og oppbevarast.
Alle skriftlege dokument skal oppbevarast i barnemappene.***



Opplæring av tilsette i høve til Barnehagelova § 42 og 43, aktivitetsplikta til personalet.

1. Alle tilsette ved barnehagar i Høyanger kommune som gjennom sitt arbeid kjem i kontakt med barn, skal sette seg inn i lovverket knytt til aktivitetsplikta.
2. Opplæringa skal finne stad på planleggingsdagane før nytt barnehageår og minnast om ved personalmøte i januar.
3. Opplæringa skal registrerast skriftleg på arbeidsplassen:
 - Styrar er ansvarleg for opplæring av pedagogar, fagarbeidarar og assistentar.
 - Vaktmeister er ansvarleg for opplæring av personale tilsett i eining for bygg og eigedom.
4. Opplæringa skal gjennomførast ved start kvart barnehageår, som fast rutine for nytilsette og umiddelbart etter tilsetjing av personale på andre tider av året.

Eg stadfester med dette å ha fått opplæring i aktivitetsplikta:

Namn tilsett	Kvittering tilsett	Dato	Kvittering opplæringsansvarleg

.....
Styrar

.....
Verneombod